



Årdal kommune

Lokale retningslinjer for fiskefond Vedtekne i kommunestyremøte 18.12.2008, k-sak093/08

Fiskefond i Årdal kommune vart oppretta i 1984 i samband med løyve til utbygging av Nyset-Steiggjevassdraga.

Frå utbyggjar, Østfold Energi, får fondet årleg tilført midlar. I 2008 utgjer dette beløpet kr 100.968. Fiskefondet har utarbeida vedtekter, og konto i Indre Sogn Sparebank.

Årdal kommunestyre har i møte 18.12.2008 k-sak 093/08 vedteke lokale retningslinjer for bruk av fondet.

Formålet med fondet:

Midlane skal nyttast til kultivering og fremjing av fiske i elvar og vatn i Årdal kommune, og komma ålmenta til gode.

Midlane kan nyttast til fylgjande tiltak:

1. Kultiveringsarbeid
2. Opplæringstiltak
3. Informasjonsarbeid
4. Auka tilgjenge til fiskeresursane
5. Forsking/kartlegging/driftsplanlegging
6. Næringsutvikling basert på fiske som utmarksressurs

Søknad om støtte frå fonda skal sendast Årdal kommune og vert handsama i Årdal formannskap. Budsjet og finansieringsplan for tiltaket skal ligga ved søknaden.

Søknadsfrist: 1. mars

Godkjenning og utbetaling av løyvd tilskot

Når det ligg føre sluttrapport for tiltaket, kan tilskotet betalast ut. Det kan gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket vert gjennomført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake til heile arbeidet er fullført.